



ÅLA

Årdal, Lærdal og Aurland

AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID

MELLOM

ÅRDAL, LÆRDAL OG AURLAND

OM

FELLES LANDBRUKSKONTOR

Avtaleperiode:

Frå 01.01.2011

Årdal kommunestyre: 16.12.2010 KS-077/10
Lærdal kommunestyre: 09.12.2010 KS-086/10
Aurland kommunestyre: 16.12.2010 KS-080/10

1. Heimel

Vertskommuneavtalen er inngått i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar § 28b.

2. Deltakarar - lokalisering

Føreliggande avtale er inngått mellom:

- Årdal kommune
- Lærdal kommune
- Aurland kommune

Vertskommune: Lærdal kommune

Samarbeidskommunar: Aurland og Årdal kommunar

Namnet på samarbeidet er Felles landbrukskontor ÅLA

Felles landbrukskontor ÅLA er lokalisert i Lærdal rådhus, men skal ha ein fast kontordag i veka i Aurland. Elles vert det kontordagar i Aurland etter behov.

3. Oppgåver

Avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane.

Felles landbrukskontor ÅLA skal tilby betre teneste samla, enn kva kommunane klarer kvar for seg.

Generelt

Felles landbrukskontor ÅLA skal gje råd, rettleie og informere brukarane, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor landbrukskontoret sitt ansvars- og arbeidsområde, jf. nedafor.

Regelverksforvaltning

Saker etter følgjande lover med forskrifter, skal behandlast av Felles landbrukskontor ÅLA:

- Konesjonslova
- Jordlova
- Skogbrukslova
- Viltlova
- Hundelova
- Forureiningslova
- Lov om forpakting
- Motorferdslelova
- Naturmangfaldslova
- Lov om ymse beitespørsmål

Omfang av delegerte avgjerdsrett i særlovsaker går fram av pkt. 4.

Saker som gjeld landbruksfaglege spørsmål etter følgjande lover med forskrifter, skal behandlast av Felles landbrukskontor ÅLA:

- Vassressurslova
- Plan og bygningslova
- Lakse- og innlandsfiskeleva
- Odelslova

Tilskotsforvaltning (næringsarbeid)

Saker etter følgjande tilskotsordningar skal behandlast av Felles landbrukskontor ÅLA:

Sentrale ordningar

- Produksjonstilskota
- Velferdsordningane i jordbruket (*ferie og fritidsavlysing, sjukdomsavlysing, tidleppensjon*)
- BU- midlane (*Innovasjon Norge og Fylkesmannen*)
- SMIL og NIMSK – midlane (*Tilskot til naturforvaltningstiltak – MD mv.*)
- Regionalt miljøprogram – RMP-midlane
- Organisert beitebruk

Lokale ordningar

- Vilt –og fiskefondsmidlar
- Søknader om tilskot frå kommunalt næringsfond til jordbruksføremål mv.

Andre oppgåver

- Gje rettleiing og rådgjeving generelt innafor fagområdet
- Utføre statistikk og rapportering innafor fagområdet
- Utføre miljøretta arbeid tilknytt landbruksverksemd

4. Delegasjonsreglement til rådmennene i Aurland, Lærdal og Årdal i særlovssaker innafor landbruksforvaltninga:

Reglement byggjer på prinsippet om at kommunestyra delegerer avgjerdsrett etter dei ulike særlover innafor landbruksforvaltninga til rådmennene, men presiserer i vedtaket dei lovbestemmelsane som er unnateken frå delegering, altså saker som skal behandlast på politisk nivå. Kva saker dette gjeld, går fram av høgre kolonne i oppsettet. Kva politisk organ som har avgjerdsrett går fram av venstre kolonne. I Lærdal er det sett ned eit forvaltningsutval som i dag har avgjerdsrett i særlovsaker innafor landbruk som ikkje er delegert til administrasjonen. I Aurland kommune er det utval for plan- og utvikling og i Årdal kommune er det formannskapet som har slik avgjerdsrett. Dette er bakgrunnen for at både forvaltningsutvalet, utval for plan- og utvikling og formannskapet står i venstre kolonne.

Ei generell avgrensing i rådmennene si fullmakt er likevel at delegasjonsfullmakta kun gjeld for kurrante saker. I dette ligg avgrensinga i kml. §23 nr.4 om at avgjerdsrett kan delegerast til administrasjonen i einskildsaker eller type saker som ikkje har prinsipiell verknad.

Avgjerdsrett etter følgjande lover med forskrifter vert delegert slik:

Politisk behandling	LOV/FORSKRIFT
	KONSESJONSLOVA AV 28.11.2003 NR. 98
Forvaltningsutval/ Formannskap/ plan- og utvikling	§ 2, jf. og kap 4, Søknader konsesjon ved erverv av fast eigedom og vilkår for konsesjon § 5,siste lekk jf. og §11.
”	§ 16 Tilbaketrekking av konsesjon
	JORDLOVA AV 12.05.1995 NR. 23
”	§ 8 Driveplikt. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne avtalar om jordutleige etter 2.lekk. Pålegg om utleige etter 3.lekk skal politisk behandlast.
”	§ 8 a Fritak frå driveplikta
”	§ 11 Søknader etter forskrift om nydyrking der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane
”	§ 12 Saker som gjeld deling av driftseining. Andre delingssaker vert delegert til rådmannen.
”	§ 18 Tildeling av SMIL-midlar (gjeld for Årdal kommune og Aurland kommune) og NMSK-midlar (gjeld for Årdal kommune)
	SKOGBRUKSLOVA AV 27.MAI 2005 NR. 31
”	§ 7 Søknader etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane.
	VILTLOVA AV 29.05.1981 NR. 38

”	§ 16 Fastsetjing av minsteareal for fellingsløyve for elg og hjort. Rådmannen gjev fellingsløyve i samsvar med areal og kvotefastsetting.
”	§ 37 Samanslåing til felles viltområde.
”	§ 38 Samanslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt.
Kommunestyret	§ 40 Fastsetting av fellingsavgift
”	§ 43 Forskrift om kommunale viltfond og fellingsgebyr - Retningsliner for bruk av fondet.
	MOTORFERDSELSLOVA AV 10.06.1977 NR. 82
”	§ 5 Gje forskrift med heimel i lova. Det vert her elles visst til lokale retningsliner for motorferdsle gjeldane i den einkilde kommune.
	HUNDELOVA AV 07.04.2003
Kommunestyret	§ 6 Forskrifter om bandtvang m.m.
”	§ 11 Forskrifter om hundehald Det vert her elles visst til forskrifter om hundehald i den einkilde kommune.
	LOVER DER RÅDMANNEN/DEN HAN GJEV FULLMAKT, ADMINISTRERER KOMMUNEN SINE OPPGÅVER FULLT UT:
	NATURMANGFALDSLOVA AV 19.JUNI 2009, NR.100
	LOV OM YMSE BEITESPØRSMÅL AV 16.06.1961 NR.12.
	FORUREININGSLOVA AV 13.03.1981 NR. 6 § 9 (forskrift om gjødselvarer m.m)

Delegert avgjerdsrett til rådmannen i andre saker:

- Avgjere søknader om produksjonstilskot, avløysartilskot (*ferie og fritid og sjukdom*) og tidlegpensjon i landbruket (Statleg tilskot)
- Tilrådingsrett i søknader om BU-midlar (Innovasjon Norge-midlar) og landbruksbaserte naturforvaltningstiltak (Statleg tilskot)

For Lærdal kommune er i tillegg fylgjande saker delegert til rådmannen:

- Tildeling av SMIL-midlar og NMSK-midlar i skogbruket

For Aurland kommune er i tillegg fylgjande saker delegert til rådmannen:

- Tildeling av NMSK-midlar i skogbruket

5. Delegasjon frå rådmennene i samarbeidskommunane til rådmann i vertskommunen

I medhald av kommunelova § 28 b, gjev kommunestyret i Aurland kommune rådmannen i ansvar å delegere mynde til rådmannen i vertskommunen Lærdal til å ta avgjerd og underteikne på kommunen sine vegne innan saksområde som går fram av punkt 3 og 4. Vidare gjev kommunestyret i Årdal kommune rådmann i ansvar for å delegere mynde til rådmannen i vertskommunen Lærdal til å ta avgjerd og underteikne på kommunen sine vegne innan saksområde som går fram av punkt 3 og 4.

6. Underretning om vedtak, arkiv og post

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld. Jmf. Reglar for rutinar nedanfor.

Post- og arkivrutinar:

- Innkommen post skal registrerast i den einskilde kommune, dette gjeld saker både til saksarkiv og eigedomsarkiv
- Arkivet skal føre på sakshandsamar
- Alle sakshandsamarane må ligge inne som brukarar i alle tre kommunane
- Sakshandsamarane må logge seg på alle tre kommunane og sjekke sin innboks
- Gjere sakshandsaming i den kommunen saka gjeld
- Saker skal politisk behandlast i den einskilde kommune
- Avslutta saker skal arkiverast i kvar einskild kommune

Oppbevaring/arkivering vil bli litt ulikt i dei forskjellige kommunane alt etter interne rutinar. Dette vert arkivet sitt ansvar.

Post som vert levert i ein kommune, men skal først i ein annan kommune, skal sendast kommunen det gjeld for registrering. E-post må også sendast til postmottak i den kommunen den skal registrerast i.

7. Økonomisk fordeling og oppgjør mellom deltakarkommunane

Alle på Felles landbrukskontor ÅLA er tilsette i Lærdal kommune og løn og andre driftsutgifter ved kontoret er budsjettert på funksjon 32504, Landbrukskontor og funksjon 36000, Viltforvaltning på Lærdal kommune sitt budsjett.

Ut frå røynslene med tidlegare avtale vert fordelingsnøkkelen mellom kommunane sett slik i avtalen:

Årdal kommune 16 %
Lærdal kommune 54 %
Aurland kommune 30 %

Vertskommunen sender refusjonskrav til deltakarkommunane i samsvar med ovannemnde fordeling. Refusjonskrava skal sendast etterskotsvis pr. 10.07 og 10.01.

Vertskommunen tek ikkje husleige/dekkar kostnaden med drifta av sjølve kontorlokala til Felles landbrukskontor ÅLA.

8. Administrasjon - personale

Rådmannen i Lærdal har det øvste administrative ansvaret for Felles landbrukskontor ÅLA. Kontoret består for tida av 4 stillingsheimlar. Endring i fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane. Det skal vere ein leiar for tenesta som skal ha det administrative og faglege ansvaret for alle tre kommunane.

9. Oppløysing og avvikling av samarbeidet

Det gjeld ein oppseiingsfrist for avtalen på 1- eitt år mellom partane.

Samarbeidsordninga skal evaluerast på årleg møte ved utgangen av året. Vertskommunen har ansvaret for at slike møter vert arrangert.

Årdal 6/1-2011
Anild Ingar Lægjeid
Årdal kommune

Lærdal 6/1/2011
Arne Sand
Lærdal kommune

Aurland 17/11/2011
Olav Hellingseth
Aurland kommune